



Anne Berit og Magne Huglen har lenge hatt eit godt hestemiljø på Dønhaug. Her er dei saman med dottera Ranveig og to fjordingar. (Foto: Kristian Hus)

**Torsdag skjedde det som ekteparet Anne Berit og Magne Huglen har venta og håpa på etter at dei byrja med travhestar. Etter mange gode resultat siste året, kunne dei då innkassera den første sigeren. Det var 4-åringen Alley Star med kusken Hauge i sulkyen som stod for bragden på Bergen Travpark.**

Eigarane er ofte på plass når hestane deira går løp, men denne gangen hadde dei ikkje høve til det. Familien var likevel representert på travparken ved sonen Ragnvald.

Magne fulgte løpet på TV hos ein travvenn som har travkanalen. Han kunne derfor fortelja om løpet med stor innleving då vi var i kontakt med han. Han kunne fortelja at Alley Star gjekk eit svært godt og kontrollert løp.

- Den kom ut frå start på 4.-5. plass i andre spor utvendig. Den arbeidde seg gradvis oppover i feltet sjølv om den heile tida gjekk utvendig og såleis måtte gå lange svingar. Ved inngangen til siste sving låg den i rygg på leiarhesten, fulgte den gjennom svingen, og då den kom ut på oppløpssida, sette den inn eit ekstra gir og vann løpet med ei hestelengde.

Magne trur det har sine gode grunnar til at kusken denne gangen valde å gå ytterspor.

- Sist denne kusken førte Alley Star, valde dei innersporet, men opplevde då å bli innestengd. Dermed var løpet øydelagt. Eg trur nok det la grunnlaget for taktikken denne gongen, seier den fornøgde og entusiastiske hesteeigaren som legg til at det verka som dei hadde god kontroll på løpet.

Magne kan elles fortelja at Alley Star har køyrt inn pengepremiar jamnt og trutt sidan juni månad. Denne summen er no passert tjue tusen .

- Premien for førsteplassen torsdag var ti tusen kroner, i tillegg til nytt dekken til hesten og blommar. Det kjem vel med, for det er ein god del utgifter med det og.

Det høyrer med til historien at vinnarflaksen ikkje var slutt med dette. Magne hadde bede sonen om å satsa ein hundrelapp på at Alley Star skulle vinna løpet. Ved eit mistak satsa "gutongjen" det tredoble. Med ein odds på i

overkant av 10 kunne Magne innkassera godt og vel 3000 kroner på dette spelet. Magne gliste riktig så godt då han kunne fortelja om denne ekstragevinsten!

Komande torsdag skal begge Dønhaug-hestane ut i løp. Maxwill ( Stall Nåso) vart nr.2 i siste løpet den deltok i. Den var berre eit tidels sekund bak vinnaren. Ikkje rart Magne Huglen ser fram til den komande torsdagen. Då er han fast bestemt på å vera på plass på Bergen Travpark.

Etter det løpet skal Alley Star ta ein pause. Den skal då inn til ein grundig sjekk av både veterinær og kiropraktor. Bakgrunnen er at den går fantastiske langsider, men den slit litt i svingane.

Av Thor Inge Døsland